

kristindómr


'kristendom'

..... NORRØNT

Frå slutten av 700-talet og framover drog mange skandinavar til Dei britiske øyane. Det er den perioden vi kallar vikingtida. I vest møtte skandinavane ein kristen kultur. Den kristne kulturen tok dei med seg heim, saman med andre ting slik som våpen, gull, og ikkje minst ein ny skriftteknologi og mange lånte ord for ting og idear. I denne perioden importerte vi den kristne religionen, og vi importerte namnet på han: *kristindómr*.


Tyding

kristindómr (norrønt), *crisendom* (gamalengelsk). Ordet har vi framleis i norsk: *kristendom*. Det er sett saman av to delar: *kristen-* og *-dom*. Den første delen er eit adjektiv som heng saman med det greske *khristós* (χριστός) som tyder 'den som er salva'. Dette ordet blei brukt om Jesus: Jesus Kristus. Dermed fekk òg religionen namn etter dette. Den andre delen, *-dom*, er eit gammalt, germansk suffiks som blir brukt for å lage nye substantiv av adjektiv og andre substantiv. Suffikset heng saman med substantivet *dom*, som har ei gammal tyding 'ordning, tilstand'. Kristendom er då adjektivet *kristen* som blir gjort om til eit substantiv ved at endinga *-dom* blir lagt til. Då tyder det 'den ordninga som er kristen'. Det passar fint når ein av dei viktige konsekvensane av overgangen frå førkristen til kristen religion, innebar ei endring av lova.




Kulisteinen har det eldste eksemplet på ordet *kristindómr* i skrift. Steinen har ein kross rissa inn på den eine breisida, og runeinnskrifta går i to liner på den eine smalsida. Ordet *kristindómr*, skrivne med runer, står i lina nærast krossen, k-en er like nedanfor krossarmen og resten av ordet vidare oppover. Steinen er ganske slitt, så dei øvre delane av runene er ganske utydelege. Med bokstavar er ordet: **kristin:tumr**.

Foto: Åge Hojem, NTNU Vitenskapsmuseet



ƷRISTIN:TUMR



Gamalnorsk homilieboek har dei eldste bevarte eksempla på ordet *kristindómr* skrivne med bokstavar. Det er skrivne <ctin dómr>, med «høg s», og over <c> står ein liten strek som er ei forkorting for *ri*.

Foto: Den Arnamagnæanske Samling, København

Kristindómr i skrift i Noreg

Det eldste skriftlege eksemplet på ordet *kristindómr* i Noreg har vi på Kulisteinen. Kulisteinen er ein runestein som stod på øya Kuli, sør for Smøla, litt nord for Kristiansund. Nå står han på Vitenskapsmuseet i Trondheim, og han blir kalla «Noregs dåpsattest». Innskrifta på steinen er datert til ca. 950–1030. På steinen står det blant anna: «Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg». Kulisteinen er ein del av Norges dokumentarv, den norske delen av UNESCOs Memory of the World-register.

Det eldste skriftlege eksemplet med bokstavar på ordet *kristindómr* har vi i handskriftet AM 619 4to, «Gamalnorsk homilieboek», ei preikesamling som blei skriven ca. 1200–1225. Ordet er brukt fleire gonger, blant anna i ei julepreike, «Preike om fødselen til Vår Herre»: ... þessur dagr er hælgaðr hinum hælga konunge til lofs ok til dyrðar, svá vítt sem cristin dómr er, '... denne dagen er vigd til den heilage kongens lov og ære, så vidt som kristendomen går'.



Elise Kleivane, Institutt for lingvistiske og nordiske studium, UiO

Ordfestivalen



UNIVERSITETET I OSLO